

25.08.2020

Notat om praksisplasser for studenter innen klinisk ernæring

UiB ved Det medisinske fakultet (MED-UIB), tilbyr [masterstudie i klinisk ernæring](#). Dette masterstudie kan gi autorisasjon som klinisk ernæringsfysiolog (kef). Masterstudiet er toårig og bygger på treårig [bachelorprogram i human ernæring](#). Årleg vert det teke opp 34 studentar i bachelorprogrammet og 20 studentar i masterstudie i klinisk ernæring. I revidert statsbudsjett 2020 er det kome tilsegn om nye studieplassar, slik at det frå hausten 2020 vil være 25 faste studieplassar i masterstudie i klinisk ernæring.

I ny [Forskrift om nasjonal retningslinje for klinisk ernæringsfysiologiutdanning](#) er praksisstudiar skildra. Om omfang og stad for praksis står det: «Praksisstudier skal utgjøre minimum 14 uker. De fordeles over hele studieløpet, hvorav minimum fire uker skal foregå i den kommunale helse- og omsorgstjenesten og minimum seks uker skal foregå sammenhengende i spesialisthelsetjenesten». Forskrifta skal gjelde for studentar som er teke opp frå hausten 2021 (men grunna koronasituasjonen, er det mogleg at dette blir utsett til hausten 2022).

MED-UIB har sidan 2019 jobba med å formalisere praksis i klinisk ernæring, bl.a. med å få avtalar om praksisplassar i føretaka. Saka er fremma i Regionalt samarbeidsorgan for utdanning i Helse Vest. Her vart bla. kapasitet i føretaka diskutert, men også korleis studentane kan få praksis i kommunane. MED-UIB er i dialog med nokre av kommunane om avtalar for å få studentar i praksis i tråd med ny forskrift.

Helse Bergen meiner det er svært relevant at studentar i human ernæring/master i klinisk ernæring har praksis i den kommunale helse- og omsorgstenesta. Dette gir kunnskap og erfaring om korleis kommunane arbeider med ernæring i dei ulike delane av tenesta og korleis ein samhandlar med spesialisthelsetenesta. Oppfølging av [Nasjonal retningslinje for forebygging og behandling av underernæring](#) og innsatsområdet [Underernæring i I trygge hender 24/7](#), men også problemstillingar knytt til overvekt/fedme, diabetes mm er relevante tema. Aktuelle arenaer er sjukeheimar, heimebaserte tenester, tenester til utviklingshemma, frisklivssentralar og helsestasjonar. Mattilbodet til brukarar av kommunane sine helse- og omsorgstenester kan også vere relevant. Helse Bergen er kjent med at studentane ikkje nødvendigvis kan møte kliniske ernæringsfysiologar då dette er ei yrkesgruppe som i svært liten grad/nær ikkje er representert i kommunane i føretaksområdet. Helse Bergen meiner at erfaring om korleis helse- og omsorgstenestene i kommunane og andre faggrupper arbeider med temaområdet ernæring er svært relevant kompetanse.

Helse Bergen og dei 18 kommunane i opptaksområde har ein tydeleg struktur for samhandling. Det vil være naturleg å informere om utdanningstilbodet og behov for praksisplassar gjennom denne strukturen. Kommunane vil kunne komme med innspel til kva som skal til for å kunne ta imot studentar i praksis. Kommunane vil ha behov for informasjon om kva læringsmål studentane skal ha når dei er i praksis, kven dei kan følgje i praksis (t.d. fagsjukepleiar), om det vert oppfølging frå UIB, kor lenge praksisperioden er mm.

Relevante samarbeidsavtalar:

[Tenesteavtale 3 og 5 somatikk](#)

[Tenesteavtale 7 - samarbeid om forskning, utdanning, praksis og læretid](#)

[Tenesteavtale 10 – samarbeid om førebygging](#)